

Frekhaug 16.05.23

Til Alver kommune

Svar på til klage til uttale -gbnr322/111 Mjåtveit

Svar gjeld klage til uttale på løyve til oppføring av mur i grense gbnr. 322/46. Klagen frå Boligutvikling Vest AS framstår som usakleg med mangel på respekt for arbeidet som komiteen APM gjer. Me vel å kommentere dei punkta som er relevant i saka.

- Både administrasjon og komiteen konkluderer med at naboeigedomen ikkje vil få redusert sol eller utsikt som følgje av oppført mur . Klager er ueinig med dette. Muren ligg vendt mot nord og gir ingen påverknad av solforhold på eigedom 322/46. Så lenge sola fortsett kjem opp i aust og går med i vest vil det aldri bli danna skygge inn på denne eigedommen.
- Boligutvikling Vest AS klager på innsyn frå eigedom 322/111. Slik området er vil være i framtida vil det alltid vere innsyn mellom dei ulike eigedomane i området. Ein jordskråning vil etter vårt skjønn ikkje endra noko på dette.
- APM skriv i vedtaket «*når det går ei tid vil denne muren i stor grad (sannsynlegvis) bli dekkja av vegetasjon, og knapt bli synleg frå naboeigedomen.*» Klager finner det urimeleg at dei må la vegetasjonen gro i den del av tomten for å skjerme dei ulemper muren vil utgjera viss mur blir etablert i grense. Muren er IKKJE etablert i grense med tanke på moglegheit for å etablere vegetasjon på eigen tomt (322/111). Slik muren framstår er det ikkje behov for å dekke denne til med vegetasjon. Det er også vald «flettverksgjerde» på toppen av gråsteinsmur.
- Når det gjeld kravet at betongmur skal verta kledd i kledning med brun farge er dette skrive av tiltakshavar i klage på avslag om dispensasjon for oppføringa av mur i grense. Dette er eit tiltak som verken krev avtale/tinglysingar frå nabo, verken til val av farge eller framtidige fargeval. Det er heller ikkje slik som klager skriv at APM skal velje farge på kledning på mur eller eigedomen 322/109 sin garasje. Garasje var oppført før APM hadde sin synfaring.

Tiltakshavar kan ikkje sjå at klagar kjem med nye opplysningar som er relevant i saka. Tiltakshavar opplever ei sakleg og grundig handsaming av APM. Komiteen har i sitt vedtak knytt til vilkår som gjer at både betongmur og gråsteinsmur blir ein del av heilskapen i området.

Muren er oppført og ferdigattest er gjeve 08.03.23. Eigedomen 322/111 var overført til ny eigar 16.03.23.

Med helsing

For

HKH Bygg og Eigedom AS

.....Knut Henanger.....